

Arkivnr: 2019/12855-50

Saksbehandlar: Marianne Ose Askvik og Tone Stedal Haugland

**Saksframlegg****Saksgang**

Utval	Saknr.	Møtedato
Utval for kultur, idrett og regional utvikling		20.11.2019

**Prosjektilskot: Kultur - amatør. Fordeling hausten 2019****Samandrag**

Føremål med ordninga:

Løyvingane frå ordninga skal stimulere til aktivitet, og sikre innbyggjarar i heile fylket høve til å delta i eit mangfaldig kulturliv, jf regional kulturplan. Kulturpolitikken skal fremje og støtte eit sterkt frivillig kulturliv, og det skal stimulerast til nettverk og samarbeid. Barn og ungdom har spesiell merksemd, og ein ønskjer å stimulere spesielt til at unge sjølv er aktive deltakarar i prosjektet.

<b>Generelt:</b>	
Budsjett 2019:	918 000 kroner
Av desse er øyremarka til prosjekt som gjeld barn og / eller unge:	510 000 kroner
Søknadsfrist 2019:	1.mars og 1.september
Vedtak kriteria:	KIRU 18.01.17: <a href="#">PS 6/2017</a>
Kriteria og informasjon om ordninga:	<a href="#">Informasjon på nettsida</a>

<b>Våren 2019 (KIRU 21.05.19, <a href="#">PS 76/2019</a>)</b>	
Tal på søknadar:	46 søknadar
Tal på søknadar som vart vedteke støtte:	34 søknadar
Samla søknadssum:	1 422 500 kroner
Vedteke fordeling:	643 000 kroner
Av desse vart midlar fordelt til prosjekt som gjaldt barn og / eller unge:	423 000 kroner

<b>Hausten 2019:</b>	
Tal på søknadar:	48 søknadar
Tal på søknadar som er tilrådd støtte:	17 søknadar
Samla søknadssum:	1 607 358 kroner
Tilrådd fordeling:	275 000 kroner
Av desse er midlar fordelt til prosjekt som gjeld barn og / eller unge:	125 000 kroner

**Fylkesrådmannen sine overordna kommentarar til innstillinga:**

Ut frå føremålet med ordninga og føringane i Regional kulturplan er det sett opp kriteria som søknadane har vore vurdert opp mot. Ein søknad må ikkje oppfylle alle kriteria, men dess sterkare ein oppfyller kriteria og jo fleire ein oppfyller, desto meir relevant vil søknaden vere for ordninga. Det skal vere føreseielege og transparente søknads- og handsamingsrutinar.

Utdrag frå «Kriteria og innretting for Prosjektilskot: Kultur – amatør», der følgjande vedtekne kriteria har vore lagt til grunn for vurderinga av søknadane:

## 2. Absolutte kriterier

Det omsøkte prosjektet skal oppfylle dei tre første punkta (a, b og c) for å kunne verte tilrådd støtte.

- a. Prosjektet skal vere i samsvar med føremålet i søknadsordninga
- b. Prosjektet skal støtte ein eller fleire satsingar i Regional kulturplan
- c. Prosjektet skal ha regional kulturverdi, dvs. ha ein kommuneovergripande funksjon og / eller særskilt kulturverdi.

## 3. Kva det *ikkje* blir gitt støtte til

Det er skilt ut nokre konkrete føremål/tiltak det ikkje vert gitt støtte til i desse tre søknadsordningane. Grunnen til dette er fylkeskommunen si kulturpolitiske rolle, andre tilskotsordningar og kompetanse- og ansvarsfelt både hos fylkeskommunen og andre offentlege instansar. Det blir ikkje gitt støtte til følgjande:

- a. Innkjøp og vedlikehald av bygg, utstyr og instrument.
- b. Ordinær drift av institusjonar, organisasjonar, lag, grupper og tilsvarande.
- c. Tiltak/prosjekt i regi av fylkeskommunale institusjonar - t.d. vidaregåande skular.
- d. Utgjeving av litteratur, film og musikk (unntak kan vere dokumentasjon med kulturhistorisk verdi)
- e. Deltaking på seminar, utdanning, studiereiser, gjestekunstnaropphald ol.

## 4. Vurderingskriterier

Støtte gjennom desse tilskotsordningane / kulturstøtte er ikkje rettighetsbasert, og det er vanlegvis mange fleire kvalifiserte søkjarar enn der er tilgjengelege midlar. Ved den skjønsmessige vurderinga vil det mellom anna bli lagt vekt på dei følgjande kriterier. Ein søknad må ikkje oppfylle alle vurderingskriterier, men jo sterkare og jo fleire av desse som vert oppfylt, dess meir relevant vil søknaden vere for ordninga:

- a. Utvikling av kulturlivet i fylket, t.d. ha verdi som pilotprosjekt og bidra til større breidde.
- b. Dokumentasjon av kulturhistorie
- c. Samarbeid og nettverk
- d. At tiltaket er utadretta og ope
- e. Kvalitativt nivå på prosjekt og søknad.
- f. Tidlegare vist gjennomføringsevne
- g. Støtte og forankring i heimkommunar og evt nasjonalt

Ved søknader om støtte til festivalar skal det i tillegg leggjast følgjande kriterier til grunn for vurderinga:

- h. Festivalen sin eigenart, kunstnarlege profil og fokus på utvikling av det kunstnarlege uttrykket
- i. Formidlingsevne og publikumsoppslutning

I tillegg skal det takast omsyn til den samla fordelinga av omsyn til geografi og sjanger.

I fylkesrådmannens individuelle grunngevingar (Vedlegg 1), er det vist til desse kriterier med nummer og bokstav.

Det er vanlegvis færre søknadar om hausten då mange arrangement vert gjennomført vår / sommar. Denne hausten er det likevel fleire søkjarar enn det var under vartildelinga. Ein stor del av budsjettet vart tilrådd under vartildelinga og dette har ført til at fylkesrådmannen har måtte vurdere strengt kvar einskild søkjar. Noen søkjarar stetter fleire av vurderingskriterier men er likevel tilrådd avslag då prosjekta ikkje stetter den regionale kulturverdien høgt nok i denne søknadsrunda. Vidare har fylkesrådmannen fokusert på større breidde og eit mangfaldig kulturliv.

Når det gjeld det absolutte kriterie om at prosjektet må ha regional kulturverdi (2c) så har det i denne omgang vore vurdert frå det geografiske kriterie i denne ordninga. Dette vil seie at prosjektet må ha ein kommuneovergripande funksjon. Det regionale ansvaret gjeld kulturoppgåver som har verdi for heile fylket eller større delar av det. Reint lokale tiltak har kommunane eit ansvar for – spesielt når det gjeld barn og unge. Ein del av søknadene ein handsamar er av meir lokal karakter. Nokre av dei kjem frå tiltak i kommunar med svært låge kulturbudsjett. Men fylkesrådmannen ser det som viktig at vi opprettheld at tiltaka vi støttar skal ha regional karakter, og at mindre lokale kulturarrangement er eit kommunalt ansvar.

Det er mogeleg å løyve midlar til årvisse / jamne tiltak. Søkjar må då vere merksam på at dette er prosjekttilskot og at søknadene kvart år vert vurdert på nytt opp imot samla søkjarmasse.

**Økonomi:** Tildelinga er i samsvar med budsjett. Tilskotsordningar på kulturfeltet er eit økonomisk verkemiddel og står sentralt i den regionale kulturpolitikken til Hordaland fylkeskommune.

**Klima:** Fylkesrådmannen kan ikkje sjå at dei omsøkte tiltaka har monaleg klimaavtrykk.

**Folkehelse:** [Regional plan for folkehelse 2014 - 2025 - fleire gode leveår for alle](#): Kulturopplevingar har positiv verknad på folkehelsa.

**Regional planstrategi:** Tilskotsordninga er eit av verkemidlane for å følgje opp viktige satsingar i Regional kulturplan 2015-2025 [PREMISS: KULTUR](#).

## Forslag til vedtak

Utval for Kultur, idrett og regional utvikling løyver 275 000 kroner over budsjettpost 400.725.03, slik:

	Søkjar	Tilråding
1	AKKS BERGEN	Avslag
2	AKKS BERGEN	20 000
3	AKKS BERGEN	10 000
4	ALVERSUND KAMMERKOR	Avslag
5	AMATØRKULTURRÅDET ASKØY	Avslag
6	Askøy Brass Band	Avslag
7	Askøy Unge Strykere	Avslag
8	AURAKIA PROJECTS	Avslag
9	BEKKALOKKET FOTOKLUBB	10 000
10	Bergen Filharmoniske Kor	15 000
11	BERGEN KYSTLAG	33 000
12	BERGEN STUPEKLUBB	Avslag
13	BJØRGVIN KRETS AV NORGES KFUK-KFUM	10 000
14	BRYGGENS VENNER	15 000
15	BØMLO JANITSJAR	14 000
16	DRAGEGJENGEN	12 000
17	EIKANGER-BJØRSVIK MUSIKKLAG	Avslag
18	EKSINGEDALEN KVINNE OG FAMILIELAG	10 000
19	Fana Unge strykere	10 000
20	FJELL BRASS	Avslag
21	FOTLANDSVÅG MUSIKKLAG	Avslag
22	Frank Bjørn Klebo	Avslag
23	GO TO PIECES GAMES AS	Avslag
24	Haugatunkoret	Avslag
25	KLEPPE MUSIKKLAG	Avslag
26	KORET HAVBRIS	Avslag
27	KYSTKULTURKORET	Avslag
28	LOFTFÆSTHIVALEN	Avslag
29	Lystgården Vokal	Avslag
30	MANGER MUSIKKLAG	Avslag
31	Musiklhuset AS	Avslag
32	Nordhordland spel- og dansarlag	10 000
33	NORGES KORFØRBUND HORDALAND	18 000
34	NORSK P E N	Avslag

35	OLSVIK SOKN	Avslag
36	OSAFESTIVALEN AS	10 000
37	PINSEKIRKEN TABERNAKLET	Avslag
38	SEIM SONGKOR	Avslag
39	SOMMERSTRYK	15 000
40	STALLENS VISEVENNER	Avslag
41	START BERGEN	Avslag
42	Strusshamn Musikkforening	Avslag
43	Torgdagen i Bergen	33 000
44	UNG KYRKJESONG VEST	10 000
45	VESLEMØY'S MUSIQUE Berg	Avslag
46	Voss Jazzskule	10 000
47	WENCHES GLADE TRUBADURER	Avslag
48	ÅSANE SOKN	10 000
	<b>SUM</b>	<b>275 000</b>

Ingrid Kristine Holm Svendsen  
kst. fylkesrådmann

Per Morten Ekerhovd  
fylkesdirektør kultur og idrett

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*

**Fylkesrådmannen, 04.11.2019**

Fylkesrådmannen viser til vedlegg med oversyn over søknadane med grunngjeving til kvar søknad. Dei individuelle grunngjevingane må sjåast som moment i ei heilskapleg vurdering opp i mot kriteria, fylkeskommunen si kulturpolitiske rolle og samla søknadsbunke.